



Sunnfjord kommune

Elevrådet ungdomssteget

Referat frå møte i evrådet for 8-10

Onsdag 19.april

2.time (09.50-10.50) på naturfagrommet

Desse møtte

Elevrådsrepresentantar 8. trinn: Benjamin Aaberg-Fjell, Martine Thingnes, Sandra Aaland,
Sebastian Bergby Carlsen

Elevrådsrepresentantar 9A: Nemi Angelica Vigdal, Nikoline Hylland Fitje

Elevrådsrepresentantar 9B: Emilie Kristiansen Johannessen

Elevrådsrepresentantar 10A: Eirik Sunde Reiakvam, Elise Horne Kristiansen

Elevrådsrepresentantar 10B: Mari Stuhaug Larsen, Pernilla Taule Leikanger

SAKSLISTE

Sak 1: Godkjenning av innkalling og sakliste til møtet 19.04.23, og referat frå møtet 23.03.23

Godkjent

Sak 2: Skilleveggar i dusjane

- Oppfølging av sak frå sist møte.
- Kva argument/innspel har klassane?
 - o For
 - Fleire kjem til å dusje
 - Betre hygiene, slepp svettelukt
 - Det krever ikkje mykje av ressursar for å få det til.
 - o Mot
 - Normalisere å dusje saman
 - Unødvendig bruk av pengar
- Kven vi eventuelt vere med å utarbeid ei sak på dette, saman med elevrådet på 5-7?
 - o Det var ingen som ville vere med på å jobbe vidare med saka. Elevrådet utfordra 8.trinn på å ta ein ny runde på argument for skilleveggar, og om det er nokon frå 8.trinn som vil samarbeide med elevrådet på 5-7, sidan det var 8.trinn som kom med saka.

Sak 3: Vere inne i friminutta

- Oppfølging av sak frå sist møte.
- Kva argument/innspel har klassane?
 - o For
 - Vi blir seine til timane
 - Ein får så vidt vere ute i dei korte friminutta
 - Kan vere dårleg vêr og kaldt, ein blir våte om det regnar
 - Få sitteplassar ute, krangling om sitteplassane
 - Mange oppfører seg fint inne.



Elevrådet ungdomssteget

- Ingen kan tvinge oss ut
 - Lærarane brukar pausen sin på å jage folk ut
 - Lite å gjere på ute, kan spele brettspel inne
 - Lite plass der det er tak.
-
- Ynskjer å ha moglegheita til å velje å vere inne, særleg når det er dårleg vær.
 - Kan ein finne fleire aktivitetar ute?
 - Spørsmål om ein kan få ha hallaktivitet.
-
- Kven vil eventuelt vere med på å utarbeide ei sak på dette?
 - Pernilla tek på seg å skrive ei sak på dette. Ho legg den ut i elevrådsteamet, og elevrådet må respondere på dette.
 - Saka blir så sendt til rektor

Sak 4: Globalløp

- Informasjon i klassane
 - Else har informasjon for 8.trinn, sidan dei ikkje har vore med på Globalløp før.
 - Elevrådsrepresentantane for 9. og 10.trinn har informasjon i sine klassar. Nytt i år er at vi vil ha to premiar for kreativitet, då det er mange som har kreative innslag.
- Korleis skape engasjement rundt globalløpet?
 - Utfordre kvarandre.
 - Engasjere seg, så blir det gøyare.
 - Få fram at det er premiar

Sak 5: Elevundersøkinga

- Vi ser på resultatene rundt elevrådsarbeid.
- Saka blir utsett til neste møte

Sak 6: Møte i ungdomsrådet

- Informasjon frå Mari og Pernilla som har vore på møte i ungdomsrådet
 - Ein kan søke ungdomsrådet om pengar til ulike arrangement, aktivitetar og liknande.
-
- Drøftingssak om skulefråvær.

I kommunen blir det arbeid med eit prosjekt om skulefråvær.

Ungdomsrådet har fått i oppgåve å få inn innspel på nokre spørsmål, og det er difor veldig viktig at alle klassane tek opp dette, og kjem med innspel på følgjande.
1. Korleis kan vi på best mogleg vis ta imot nokon som har vore vekke, enten det er litt eller mykje, på ein god måte?
 2. Kva kan vere årsaker til at nokon ikkje greier å gå på skule?
 3. Kva kan vi gjere på skulen og i klasserommet for å hindre at nokon kjenner på at dei ikkje orkar eller greier å gå på skulen?
 4. Korleis kan de hjelpe ein klassekompis som de skjønner er på veg ut?
 5. Korleis kan de halde kontakten med ein som er heime
 6. Korleis kan de ta imot ein som øva seg på å komme tilbake.

Representantane frå elevrådet kom med nokre umiddelbare tankar rundt desse spørsmåla:

Elevrådet ungdomssteget

1. Korleis kan vi på best mogleg vis ta imot nokon som har vore vekke, enten det er litt eller mykje, på ein god måte?
 - a. Ikkje snakks så mykje om at folk er tilbake, eller spørje om kvifor dei har vore vekke
 - b. Ta dei godt imot, vere hyggelege
 - c. Kanskje lærarane kan gje litt informasjon, slik at det ikkje blir mange spørsmål.
 - d. Ikkje stenge dei ute.
 - e. Ikkje framstille at det er noko gale med dei
 - f. Inkludere og behandle dei som alle andre
2. Kva kan vere årsaker til at nokon ikkje greier å gå på skule?
 - a. Har ikkje nokon å vere med
 - b. Angst
 - c. Psykiske helseproblem
 - d. Redd for at ein har gått glipp av mykje på skulen
 - e. Utfordringar heime
 - f. Mykje press
3. Kva kan vi gjere på skulen og i klasserommet for å hindre at nokon kjenner på at dei ikkje orkar eller greier å gå på skulen?
 - a. Behandle alle på ein god måte
 - b. Inkludere alle
4. Korleis kan de hjelpe ein klassekompis som de skjønner er på veg ut?
 - a. Oppfordre dei til å komme på skulen
 - b. Hjelp dei til å få hjelp, for eksempel snakke med helsesøster.
5. Korleis kan de halde kontakten med ein som er heime
 - a. Sende melding og seie at ein ynskjer at dei skal komme tilbake.
6. Korleis kan de ta imot ein som øva seg på å komme tilbake.
 - a. Inkludere
 - b. Gje dei tid til å ta opp ting.

Sak 7: Saker frå trinna

- Ynskjer å framleis ha hallaktivitet – Dette blir teke inn i sak 3. Hallaktivitet er fint fordi då er ein i lag på tvers av trinna.
- Ynskje om ei volleyballturnering før sommaren der klassane spelar om drakta
- Forslag om at ein har ein aktivitet heilt i starten av neste skuleår, der ein blandar elevane frå 8-10, slik at ein kan inkludere dei nye 8.klassingane på ein god måte.
- Behov for kost og brett av betre kvalitet

Sak 8: Saker som har komme til

- Foredrag med Andras Gravdal
 - Bra, han snakka om viktige ting.
 - At en er god nok
 - Sende melding til folk som er vekke



Sunnfjord kommune

Elevrådet ungdomssteget

- At karakterane ikkje definerer deg.
- Tenke over kva person ein ynskjer å vere
- Kanskje litt langt, vart ukonsentrert mot slutten.

Martine Thingnes
Referent